Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18 | Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Krødsherad

Emne: Juletre og julehalm | Bygdelag: Øvrebygda

Oppskr. av: Truls G. Øen | Gard: Øen

(adresse): p.t. Flatum, Vikersund | G.nr. 221 Br.nr. 1–2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Mest av eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1) Juletre er almindelig i Krødsherad no.

2) Når juletre er brukt første gang, er ikkje so godt å segja, men eg vil tru at det vart almindeleg sa ikring 1860–70 åra.
I 1880 åra huguar eg dei hadde juletre i kvar gard, i alle fall der det var barn 1 [illegible] på skuleferder

3) Har ikkje høyrt om at dei hadde juletre i kjørkja før dei hadde det i heimane.

4) Med pynting av skogjo, med grøne kvistar, papirpynt eller halmkransar er ikkje kjent her i bygda.

5) Ikkji annan pynt enn juletre.

6) Var det barn i huset, var juletreet større enn der det ingen var. Det var i alm. so 1,5 m høgt og stod på golvet, festa i ein kross eller trekubbe.

7) Det var pynta med papirstas, lange lenkjur av kulørt papir, fiskegarn og korger til å ha godter i, og så lys; i eldre tid heimstøypte. Som smågut fekk eg vera med og støype lys til julatreet

8) Det var dei vaksne kvinnfolka som pynta treet. Borna fekk ikkji koma inn før det var ferdig

3907

9) Dei store juletrea stod på golvet, men dei minste stod gjerne på eit bord.

10) Det gjaldt å spara på lysa; difor var dei tendra ein gong om julekvelden. Det var når dei gjekk rundt treet og song julesangar, en ved 7 tida om kvelden.

11) Sea vart jule treet tendra nyårskvelden og trettandkvelden.

12) Dei gjekk rundt treet og song, helst „Jeg er så glad hver julekveld", „Jeg synger julekvad" og andre salmer. Det vart gjerne ståande til Tjugendagen.

13) Borna fekk ikkje ta noko av treet før det vart utbore. Da vart det hosta, som dei sa.

14) Til juletre vart berre bruka gran

15) Da det var gran nok, vart ikkje anna bruka

16) Det vart i alm satt upp 2 granbusker på kvar sida av låvebrufoten, til å feste julenekket i. – Eller og ei kjeikebuske, festa til veggen ved låvedøra, der nekket vart fest.

1) Kjenner ikkje til at halm vart lagt på golvet julekvelden,

2) 3, 4. Heller ikkje om det andre de spør etter.

3907

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING